

Konteineren er på plass - hent bossekker.

05.05.2017



Konteiner og bossekker er på plass ved Grano i sentrum. Hent sekker og ver med på ryddedugnaden.

**Vevik transport har levert konteineren frå SIM, som skal nyttast til innsamling av plast og søppel fram til tysdag 9. mai. Konteineren står ved Grano, ikkje i veggen til Gamleskulen. Det vert gjort slik fordi det er konfirmasjonshelg og Gamleskulen skal brukast.**

Lag, organisasjonar, velforeningar og private vert oppmoda om å henta grøn bossekk ved konteineren Bruk dei bossekkene du treng, ikkje ta i hopetal. Uskedal utvikling oppmodar særleg til rydding i stranda, langs elva, langs vegar, i sentrum og i bustadfelta.

Uskedal utvikling vil vera på plass ved konteineren **i morgon, laurdag kl. 09.00** for informasjon og utlevering av sekker,- for dei som ikkje alt har henta sjølve.

Hugs at dette er ei gratis teneste, ein nasjonal dugnad for å redusera mengda av plastavfall og anna avfall.

**Hent grøn bossekk og ver med på ryddedugnaden fram til tysdag 9. mai.  
For meir informasjon: Ring 915 31 487**

**Uskedal utvikling**